

## Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 12.05.2015

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

### Innstilling

1. Fylkesutvalet viser til brev frå Samferdselsdepartementet, 26.mars 2015, om auka løyving til belønningsordninga i 2015, og søker med dette om ekstra midlar 2015 til finansiering av følgjande tiltak:

Prioritet	Prosjekt/tiltak	Søknad om finansiering
1.	<ul style="list-style-type: none"><li>• Styrking av kollektivtransporttilbodet i samband med innføring av tidsdifferensierte satsar i Bergen</li><li>• Ytterlegare styrking av kollektivtransporttilbodet i Bergensområdet</li></ul>	35 mill.kr 10 mill.kr
2.	Framkomsttiltak for Buss – Hesthaugvegen i Åsane bydel	7 mill.kr
3.	Sykkelbyavtale Bergen – styrka satsing på haldningsskapande arbeid retta mot barn og unge	2 mill.kr
4.	Tiltak etter sykkelveginspeksjon	5 mill.kr
5.	Haldeplassar og ventefacilitetar i Bergen sentrum	6 mill.kr
<b>Sum søknad ekstrabevilgning belønningsmidlar 2015</b>		<b>65 mill.kr</b>

2. Fylkesutvalet viser til innsendt søknad om ny belønningsavtale for perioden 2015-2018, og legg til grunn at tildelte midlar innanfor auka ramme i 2015 blir vidareført som eit tillegg i alle åra i søknaden for perioden 2015-2018.
3. Fylkesutvalet ser fram til ei rask handsaming av tidlegare innsendt søknad om ny belønningsavtale for perioden 2015-2018 og denne tilleggssøknaden for 2015, for at det kan settast i gang forberedande arbeid med sikte på tidlegast mogleg realisering av dei omsøkte tiltaka i 2015.